

Retningslinjer til § 12 OPPLÆRINGSTILSKOT / PROSJEKTMIDLAR

Formålet med Norges Korforbund Sunnmøre sitt opplæringstilskot og prosjektmidlar er å støtte vidare musikalsk og organisatorisk opplæring og utvikling i medlemskora. Tilskotet er meint meir som signaleffekt enn å sjå på som finansiering.

Ei synleg og berekraftig korrørsla vil vere avhengig av: dyktige dirigentar, songarar med evne og vilje til vidareutvikling, og dyktige tillitsvalde med målsetting om utvikling av korrørsla. Styret gir kvart år innstilling til årsmøtet om størrelse på tilskot for kommande år ved framlegg av budsjett.

Opplæringstilskotet kan gjevast når minst 2 kor går sammen om et opplæringstiltak, musikkfagleg og /eller organisatorisk, på minst 8 timar med ekstern instruktør. Tilskotet er maksimalt **kr 8000,-** pr tiltak i eit samarbeid der minst eit av kora er medlem av Norges Korforbund Sunnmøre.

Samme kor kan ikke tildeles opplæringstilskudd 2 år på rad.

Søknad skal sendes til styret i Norges Korforbund Sunnmøre **seinast 1 måned før kurset** skal haldast og skal innehalde opplæringsplan og budsjett.

Tilskotet vert utbetalt etter innsendt regnskap (m/kvitteringer) samt kto.nr, til Norges Korforbund Sunnmøre.

Norges Korforbund Sunnmøre kan tildele **prosjektmidlar til medlemskor** som i løpet av budsjettåret har prosjekt/ tiltak som fremjar korrørsla både når det gjeld kvalitet og kvantitet og som kan auke musikkfagleg kompetanse, rekrutterer nye songarar og profilere korsongen.

Samarbeid med andre kor eller lokale kulturaktørar vil vere ein viktig føresetnad for å nå ei slik målsetting, og som gjerne endar opp med ei/fleire konserttilskipingar.

Søknad sendes til styret i Norges Korforbund Sunnmøre **seinast 1 måned før prosjektet/ tiltaket** skal haldast og innehalde beskrivelse og budsjett for prosjektet.

Det kan søkjast om midler til dekking av inntil 75 % av kostnadane med tiltaket, maksimal tildeling pr. søknad er inntil **kr 30.000,-** Samme kor kan ikke tildeles prosjektmidler 2 år på rad.

Prosjektmidlane vert utbetalt etter innsendt regnskap samt synleggjering av eigeninnsats og billettprisar (OBS! Krav om billettinntekter ved konsertarr.) til Norges Korforbund Sunnmøre.

Kto.nr. for utbetaling og økonomiansvarleg sitt namn og tlf.nr. samt stadfesting av gjennomføringa av tiltaket må leggest ved! (program e.l.)